

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

Advent- og julenummer

NR. 5 - desember 2014 46. årg.



Juleminne

side 6-7



Julespill på Lye

side 8



Strålende Jul - Julekonsert

side 20



Fest i Guds hus

side 21

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

telefaks tlf. 51 77 03 60

Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048

Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 970 99 661

Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039

Diakon: Ingelin H Norbakken tlf. 48 19 03 18

Sekretær Bryne sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64

Sekretær Time sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64

Sekretær Undheim sokneråd:

Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157

Sekretær: Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 77

Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76

Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland tlf. 51 77 03 69

Time

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178

Trusopplærer: Astrid Wold tlf. 458 61 233

Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62

Kyrkjetenar helg: Tom Carlos Slettebø tlf. 977 46 283

Soknerådsleiar: Karin Lima Friestad tlf. 900 21 635

Klokkar: Sofie Braut tlf. 986 55 128

Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne

Heimeside <http://www.brynekyrkja.no>

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Klokkar: Leif Anenes tlf. 909 93 176

Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg tlf. 938 31 623

Kyrkjelyduttviklar: Bjørn Inge Hauge tlf. 51 77 03 62

Ungdomspastor: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602

Trusopplærer: Tove Hersdal tlf. 51 77 03 72

Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62

Kyrkjetenar helg: Gerd Åshild Ueland tlf. 414 66 321

Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim tlf. 900 34 326

Administrator Lye: Sigurd Idland tlf. 466 98 050

Ungd.arbeid. Lye: Helge Ask tlf. 994 62 935

Undheim

Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>

Trusopplærer: Astrid Wold tlf. 458 61 233

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar:

Kåre Sigurd Undheim tlf. 51 48 43 07

Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:

www.time-kyrkja.no

E-post sokneråda: time.soknerad@time-kyrkja.no

Time sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no

Bryne sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no

Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no



Ingolf Gjødrem

Til ettertanke

**...”Først når vi finn staden
der vi kan høyra denne
bodskapen, er vi på rette
sporet.”**

Gud har tala

Gud har tala, det er det store og herlege! Evangeliet ber bod til oss om at Gud har kome inn i vår einsemd og vårt mørke ved sitt evige Ord. Berre ord seier du, eg er trøyt av ord.

Likevel, vi kan ikkje seia det kraftig nok: Nåden og sanninga kjem til oss i ein bodskap som vert forkynt. Først når vi finn staden der vi kan høyra denne bodskapen, er vi på rette sporet. Når tida var komen stod Ordet, skaparkrafta der, midt i vårt kaos. Det er dette Ordet som har skaparkraft nå.

I 1945 kom ein japansk soldat bort frå eigne styrkar, og dreiv ein forunderleg krig for å overleva på eiga hand i den indonesiske jungelen i omlag 30 år: "Han var på feil stad då bodskapen om at krigen var slutt, vart gjort kjend. Først når hans tidlegare kompanisjef kom til jungelen i Indonesia og dimitterte denne gamle japanske krigaren i loslitt uniform, var han viljug å leggja ned våpen og bli med attende til Japan. Han kom til eit folkerikt og strålende Ginza i Tokyo, og alle nyheitsmedier kjempa om å få ein flik av saga hans, ikkje rart han var overvelda. Avdi han ikkje var på rett stad til å høyra og få informasjon om det som skjedde i verda og i Japan, hadde han levd eit underleg liv på eit eksistensminimum i jungelen alle desse åra.

Midt i vår informasjonsflaum er det ein bodskap som lett kan gå hus forbi. Det er ikkje tale om overgang frå håplaus og mørk indonesisk jungel til neonlysande og fantastiske Ginza i Tokyo, men noko mykje større. Vi kan få sjå "Jesu herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning." Jesus har vunne krigen, sigeren er vunnen ved Jesu død og oppstode. Slepp Ordet til, då slepp du å leita deg fram for å overleva i mørkret i livsjungelen.

Du får gripa i tru nåden som reiser opp og sanninga som gir deg god rettleiing, meining og mål for livet. Stans ved krybba, då finn du krossen: Han som ikkje visste av synd har Gud gjort til synd for deg, så du i han skal verta rettferdig for Gud. Sjå at krybba si gåte vert løyst ved at Jesus står opp av grava. Ordet stansar ikkje ved døden, krossen, eller grava. Jesus har vunne siger ved sin død og si oppstode! Ordet frelser, føder på ny og gir nytt liv.

Ingolf Gjødrem

Min Salme

- Fra jeg var liten har denne salmen fulgt meg, som en beskrivelse av mitt behov for Gud. Mine foreldre var misjonærer, og som barn feiret jeg jul i Kenya og Tanzania flere ganger. Den samme julefreden som jeg får i Norge, men og lengselen etter å være nær Gud, erfarte jeg i Afrika, der det ikke var samme rammene rundt julen, men innholdet var uforandret.

Når jeg fokuserer på det underet det er at Jesus valgte å bli som oss, og bli født som en liten forsvarsløs baby,



Gunn Bjørg Aasland

forundrer og begeistrer det meg at han nå vil bo i våre hjerter, når vi velger å tro på Han. Det gjør at jeg kan respondere med glede og gi han alt , slik han ga alt for meg. For meg er dette selve julen; at vi gjennom babyen Jesus får være sammen med vår Skaper, og det gir ikke bare julefred, men hjertefred for hele året.

Gunn Bjørg Aasland

Mitt hjerte alltid vanker

*Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderom,
der samles mine tanker som i en hovedsum.
Der er min lengsel hjemme, der har min tro sin
skatt;
jeg kan deg aldri glemme, velsignet julenatt!*

*Den mørke stall skal være mitt hjertes frydeslott,
der kan jeg daglig lære å glemme verdens spott.
Der kan med takk jeg finne hvori min ros består,
når Jesu krybbes minne meg rett til hjerte går.*

*Men under uten like, hvor kan jeg vel forstå
at Gud av himmerike i stallen ligge må!
At himlens fryd og ære, det levende Guds ord,
skal så foraktet være på denne arme jord!*

*Hvi skulle herresale ei smykket for deg stå?
Du hadde å befale alt hva du pekte på.
Hvi lot du deg ei svøpe i lyset som et bånd,
og jordens konger løpe å kysse på din hånd*

*Hvi lot du ei utspenne en himmel til ditt telt
og stjernefakler brenne, å store himmelhelt?
Hvi lot du frem ei lyne en mektig englevakt,
som deg i silkedyne så prektig burde lagt?*

*En spurv har dog sitt rede og sikre hvilebo,
en svale må ei bede om nattely og ro,
en løve vet sin hule hvor den kan hvile få –
skal da min Gud seg skjule i andres stall og strå?*

*Akk, kom, jeg opp vil lukke mitt hjerte og mitt sinn
og full av lengsel sukke: Kom, Jesus, dog herinn!
Det er ei fremmed bolig, du har den selv jo kjøpt,
så skal du blive trolig her i mitt hjerte svøpt.*

*Jeg gjerne palmegrene vil om din krybbe strø,
for deg, for deg alene jeg leve vil og dø.
Kom, la min sjel dog finne sin rette gledes stund,
at du er født berinne i hjertets dype grunn!*

Hans Adolph Brorson 1732



Gi til NMS – få skattefradrag!



Det Norske Misjonsselskap

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

**Vil du gi en gave
til Normisjon?**



Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis
du vil den skal gå til noe
spesielt.

www.normisjon.no

Foto framside: Frå julespelet Jul på Lye. Foto: Dag-Henrik Fosse

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Gabriel Tengsareid og Knut

Aalgaard. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net innan 15. januar.

Neste nr. kjem ut ca. 5. februar 2015.

Å gjere livet lysare for vår neste



Thomas P. Randulff

Først: Boda er, som det er gjort greie for før i denne spalta, ikkje gjeve for å gjere livet vanskelig for nokon. Dei er vårt beste vern. Til dømes er det tredje bodet, det om heilagdagen, i røynda også verdas første arbeids- miljølov: Alle – sjølv trælane – hadde rett på ein fridag!

Slik kan ein ta boda føre seg og lett sjå at dei i røynda er det beste forsvar for den som på ein eller annan måte kan vere utsett for overgrep.

Boda i Helgedagen

Me er komne til det fjerde bodet i serien om dei ti bodorda. Dette bodet handlar om forholdet til våre foreldre. Kanskje var det i stor grad ei oppmoding til den arbeidsføre generasjonen om å ta seg av gamle foreldre. Men sjølv om samfunnet nå sikrar dei gamle økonomisk og helsemessig på ein heilt annan måte enn før, er nok bodet framleis svært aktuelt. Både for barn, ungdom og vaksne. Helgedagen har utfordra Thomas P. Randulff til å dela sine tankar om kvifor me i dag treng å "blankpusa" boda, og om kva relevans det fjerde bodet har i dag. Randulff har mellom anna vore misjonsprest i Japan og sokneprest på Jelsa. Nå er han pensjonist og bur på Nærbo.

RT

Sjølv er eg inne på tanken om at boda langt på veg kan samanliknast med naturlovane. Dei kan ikkje brytast utan at det kan få farlege konsekvensar. Tyngdekrafta gjeld sjølv om du i protest og trass trør i lause lufta utfor Preikestolen!

Og resultatet av konsekvent å bryta boda, fører utan tvil til kaos. Det var ikkje Skaparen sitt ynskje. Difor finn me at boda naturleg nok er nedfelt hjå menneske i alle deler av verda og innan alle religionar.

Sjølv om der er ti bod, viser Jesus at det, djupast sett, dreier seg om to: å elska Gud og å elska nesten vår.

På bibelen si tid var «nesten» alltid ein som var nær. Det var familien, dei andre i landsbyen, dei ein kjende og dei ein treffe.

I dag femner omgrepet mykje vidare. Me skjønar no at slik me lever, får det konsekvensar mykje lenger enn til den horisonten me kan sjå. Eit nærliggjande døme: Dei 200 kronene (eller meir?) du ga til Kirkens Nødhjelp søndag 19. oktober, vert no til vatn for heile livet til ein person ein annan st ad på kloden!

**Det fjerde bodet lyder:
Du skal heidra far din og mor di**

Forklaring: Vi skal ottast og elske Gud, så vi ikkje vanvörder eller sårar foreldra våre og andre som Gud har sett over oss, men tener og lyder dei, elsker og vörder dei.

DET FJERDE BODET

Men trass i det grenselause, tek boda utgangspunkt i det nære. Og det fjerde bodet gjeld den næraste relasjonen av alle: forholdet til foreldra våre. Å heidre dei, altså å elske dei, legg eit grunnlag for det høvet me får til verda elles.

Eg veit at det er lett å problematisere dette bodet: Kva med dårlege foreldre? Kva med overgrep og vald i heimen? Kva om ein ikkje føler seg ønskt eller verdsett?

For det fyrste: Bodet seier ikkje at heideren berre gjeld gode foreldre. Ingen på denne jorda er berre gode! Så kjærleiken, respekten og

lydnaden må ha ei anna grunngeving.

Eg ser det slik at det å elske – òg det å elske den som ikkje fortener det – skapar noko godt, byggjer opp, reparerer.

På same vis som me skuldar Skaparen ære for livet, vil den same Skaparen at dei som har født oss, skal ha ære og takk for det. At det samstundes er situasjonar der vanskelege ting må takast opp og gjerast opp, er ei anna sak. Det høyrer med til det å vere sanne og kjærlege.

I forklåringa til bodet tek ein vidare med dei som på eit eller anna vis står over oss, og som me difor skal vise respekt og tale vel om. Det er både greitt og rett og naudsynt. I dagens samfunn der det nærast er ein folkesport å rive ned respekten for autoritetane og drive ap med alt og alle, me ser det ikkje minst innan underhaldningsmedia, ville det ikkje skade med litt refleksjon over dette bodet.

Men av og til bør ein likevel avgrense seg til det som bodet bokstavelig talt seier: Heidre far og mor! Då kjem me ikkje utanom ord som vørnads og lydnad.

Eg tenkjer då på det å la våre føresette få ha ei røyst med i laget i dei viktige tinga i livet. Deira røynsler – både i det gode og det vonde – er vel verd å høyra på. Med eit medvite høve til det heidrar me dei, sjølv der ein kjem til å ta andre val enn dei gjorde.

Og om den tida kjem, at det er foreldra som treng oss, er dette bodet ei god påminning om at me kan gjere livet lysare for dei aller næraste.

For bodordet er ikkje i første rekkje tenkt brukt mot andre, sjølv om det fortel kva som er rett for alle og kva som skapar gode tilhøve i familie og samfunn. Det treng me å vite. Men viktigare er det at me let det vende seg mot oss sjølve og ikkje til bruk som peikestokk mot andre.

Då er det heller ikkje så vanskeleg å vite korleis ein kan leve etter det.

Thomas P. Randulff

Glaskunstfasade i tårnveggen på Bryne kyrkje: Sjarmøretappen er i gang!



I sommar gjorde Time kyrkjelege fellesråd eit vedtak som blir svært synleg i Bryne sentrum: Glasmåleriet i Bryne kyrkje skal bli komplett.

Glaskunst skal senda vakre fargar frå tårnfasaden mot byen på kveld og i mørk årstid.

15. oktober vart kontrakten underskriven med kunstnar Per Odd Aarrestad, glasmaister Ole Richard Lauritsen og montør Egil Idsø. Glaskunsten blir sett i produksjon i Kristiansand i vinter. Sommaren 2015 blir tårnfasaden utskifta og trapperomet målt og lyssett, slik at kunsten kan monterast på plass hausten 2015.

Trinn 2 i det store glaskunstprosjektet er byutvikling, kostnadsrekna til 2.615.000.

Til grunn for realisering ligg først eit gledeleg budsjettvedtak i Time kommunestyre desember 2013. Kommunen bidreg med 500.000 i 2014 og 750.000 i 2015. I tillegg blir den utslitne tårnfasaden skifta ut på kommunale rehabiliteringsmiddel. I vår har også andre «store» aktørar til stor glede trødd til. Time Sparebank sitt gavefond har stilt inntil 650.000 til disposisjon. Vestenfjelske Bykreditts stiftelse har gjeve 200.000. Fylkesmann John Norem og hustru Thora Margrethes Legat har gjeve 100.000. Også andre bedrifter har kjøpt særtrykk eller gjeve tilsagn på summar frå 5-50.000. Alle bidreg frå 20.000 og oppover havnar i takkeannonse i Jærbladet når glaskunsten er på plass.

Av totalkostnaden på 2.6 millionar gjenstår det nå att å samla inn dei siste 300.000.

Me inviterer med dette til å bli med på sjarmøretappen og få siste finansieringsrest på plass. Ta sjølv kontakt eller ta godt i mot dei som eventuelt gjev deg ei utfordring.

Du kan verta eigar av eit vakkert, nummerert tressnitt av Per Odd Aarrestad ved å

- Sponsa ei "vindusrute" med 20.000 og få eit stort trykk på 46x65
- • Gje ei gåve på minimum 5000 og få eit av to trykk på 32x46

Eller du kan gje ei medlemsgåve med rett til skattefråtrekk til konto 3325.37.41061.

Me håpar å få til siste, gode spleiselag for å realisera dette kulturloftet: Eit unikt kunstprosjekt som vil prega bybildet, spektakulært i storleik og funksjon. Ein god miks av samarbeid på vegen mot felles mål, slik glaskunsten i tårnveggen har som idégrunnlag.



Kunstnar Per Odd Aarrestad (bildet) uttrykkjer:

«Kyrkjeutsmykninga innvendig (Trinn 1) handlar om vår tidsreise, frå vogge mot grav. Tårnutsmykninga (Trinn 2) handlar om vegen i vår kvardag. Då er vegen til for å nå kvarandre, vera saman, skapa noko ilag, vera samfunnsmenneske. Vegen frå idé til til resultat og mål. Formen på trappa i tårnromet vil vera del av utsmykkinga og syner verdien av å «gå baut» når motvind og vanskar er store. Finna ny retning og veg. Utsmykkinga i tårnet skal også ytra det kyrkja står for.»

Bli med på sjarmøretappen!

Olav Vegard Søyland og Stein Ødegård

Juleminne



Juleminne:



Tordis Undheim

Når eg tenkjer tilbake på mi barndomsjul, så var det først baking av småkaker, minst sju sortar. Bordstabel, berlinerkransar og fingerkremkjeks måtte det alltid vera. Småkakene hadde mor i spann som ho sette på høgaloftet. Var redd me ungane skulle eta dei opp før jul.

Vaskinga var det mor som stod for. Til og med filleryene som låg i stova måtte vaskast. Det var ikkje lett å få dei tørre. Ikkje sentrifuge eller tørketrommel i den tida. Søster mi og eg pussa gryter og kaffikjel med stålull. Dette arbeidet heldt me på med i brønnhuset, for

der kunne me sotla som me ville. Kan minnast kor krye me var då me bar dei blankpussa inn att. Det siste som måtte gjerast før julafta, var lakking av stovegolvet. Dette var det far som gjorde. Mens arbeidet pågjekk, flytte me inn på soverommet til mor og far. Det var vegg i vegg med stova. Der "budde" me i dobbeltsenga. Me koste oss med å lesa julehefta, som me den gong fekk kjøpt på skulen. Det var Tuss og troll, Smørbukk og Vangsgutane. Juleposten, særleg amerikakorta vart lesne då. Dei var og så fine å sjå på. Julafta morgon flytta me inn att, og når eg tenkjer tilbake, kan eg kjenna lukta av nylakka golv og nyvaska filleryer. Då var det jul.

Det var som regel mor som var på Sandnes og kjøpte julegåver til oss. Desse vart og gøynde på høgaloftet. Eg minnest me lurte oss opp etter at me hadde lagt oss, for å klemma på pakkane. Gildast var det viss det var harde pakkar. Minste bror min hadde klemt så hardt at det gjekk hol på papiret, og bilen som låg oppi kom fram. Han hadde nok køyrt mange rundar på loftet med den, før han kom under treet. På Nedrebø, der eg vaks opp, var det fire gardar. I romjula gjekk me alle i juleselskap til kvarandre, ein kveld hjå kvar. Første juledag var me alltid hjå bestemor til middag. I dei andre selskapa fekk me alltid smørbrød, lefsa og gome. Seinare på kvelden var det småkaker, hermetiske plommer og pærer, og gjerne ei skål med piska krem til. Du kor godt det smakte. Den ein staden var det litt ekstra gildt. Dei hadde fleire stover og i den eine stod det eit stort juletre midt på golvet. Etter at me hadde ete, gjekk me inn i stova, og mora tende stearinlysa på treet. Så song me først nokre av dei vanlege julesongane mens me gjekk rundt treet. Til slutt fekk me alltid syngja Så går vi rundt om ein enebærbusk og Reven rasker over isen. Dette var songar me ikkje song på juletefestane. Då me hadde gått rundt treet, fekk alle ungane ta kvar si fletta julekorg av treet. Oppi korga var det nokre rosin, nokre nøtter og to tre non stop. For ein stas å få.

Hugsar veldig mykje fint vinterføre. Sparken vart mykje brukt. Kan

minnast at me heile familien på seks rann på sparken heim frå selskap. Mor sat framme med minste bror min i fanget. Me andre sto bak på meiane. Far styrde. Me brukte ikkje lang tid heim, for det var berre unnabakke. Elles brukte me romjula mykje til å vera ute å renna på kjelke og spark.

Tordis Undheim

Juleminne:



Egil Harald Grude

Jul – mange gode minne gjennom 70 år. Barndommens jul og jul med barn har ein ekstra glans. Spenning og glede, heime og på skulen, med mange førebuingar. Julesanger og juleteikningar, juleutstillinga i dei få butikkane på Klepp stasjon, baking og vasking – og venting på ein kveld som aldri kom, og som var desto kjekkare då han endeleg var der. Julafta og juledag, og mange juledagar, med gåver, med selskap og julefestar.

Det juleminnet eg vil stoppa ved er nok uventa. Vi ungane var strigla og stelte til jul. Alltid noko nytt. Og så var vi nyklipte. Til vanleg var det fedrane som klipte oss. Med handdrivne klippemaskinar, og vi på ein krakk. Sant og seia var det ikkje ei nyting, snarare noko vi grua oss til når vi måtte til pers for snauklipp. Men til jul, då var det noko anna. Då tok far, som elles var klippemeister, meg på sykkel til Bryne, til frisørsalongen hans Emil Rugland. Tettpakka med vaksne og ungar som venta på tur. Drøset gjekk og Rugla'en klipte. Så kom min tur. I den store frisørstolen. Elektrisk maskin. O salighet! Det verken lugga eller reiv. Og så hårvatn til slutt, masert inn med fast og øvd hand.

Og etterpå, når det skumra, tur gjennom Storgata til Torget, undrande på Bryne sine mange flotte juleutstillingar. Eg hugsar ennå den fine julepynten vi kjøpte hos Bjørnsen, nissar og englar. Og så vanka det noko godt også, og besøk til nære slektningar utepå Reeveien der vi vart trakterte med julekaker og anna godt. Er det rart at det står ein ekstra glans av førjuls-klippeturane til Rugla'en Bryne langt tilbake i dei tidlege 1950-åra?

Egil Harald Grude

Min barndomsjul på 50-tallet



Tone Rasdal

Jeg er så heldig at minnene mine fra julefeiring i barneårene både er sterke og gode. Juleforberedelsene startet alltid 1. søndag i advent. Da åpnet juleutstillingene i Bergen sentrum. Det var helst folkevandring i byen den dagen. Det store juletreet på Torgalmenningen ble tent, og juleutstillingene i de store og små butikkene ble avduket. Jeg syntes det var like spennende hvert år. "Var nissene som nikket og spiste grøt de

samme som året før?" "Og hva med hyrdene på marken og Jesusbar-net i krybben?" "Var det kommet nye utstillinger?" Det meste var som året før, og det likte jeg, kan jeg huske. Men det var også ofte noe nytt å se. Julesanger lød fra høyttalere, og lys i alle slags farger var det både inne og ute. Forventningene om julen som var i vente ble tent denne dagen, aldri før.

Desember på skolen var også en gledens tid. Nesten hver time startet med en julesang. Og de måtte vi lære utenat! I Kristendomstimen leste vi alltid juleevangeliet helt til vi nesten kunne det utenat. I tegnetimene laget vi julepynt av glanspapir, og pyntet et lite juletre i klasserommet. Juletegningene ble hengt opp på veggen.

Julekakebaking hos bestemor var tradisjon. Og både lagning av gaver og handling i sentrum med venner, og kanskje et besøk på kafé, hørte også førjulstiden til.

Jeg var alltid med far og kjøpte juletre en stund før julaften. Et høyt, flott tre som skulle gå til taket. Det var viktig! "Bjørnegran", var tresorten. Treet var smalt og hadde tykke, tette nåler som ikke datt av. Jeg kan ikke huske å ha sett slike grantrær på Jæren. Treet ble alltid pyntet lille julaften, og vi hadde juletre i stuen helt til 19. januar fordi da hadde mor fødselsdag!

Noen dager før jul gikk vi til "Skostredet". Der holdt uteliggerene til. Far kjente alle på fornavn. "Hei, Sverre!" ropte de da vi nærmet oss. Det var alltid en fornøyelse å se gleden deres når vi kom med pakkene med litt å bite i, og kanskje gode votter og en varm god lue, eller noe annet nødvendig. Far hadde alltid god omtanke for de svake i samfunnet.

Lille julaften gikk vi rundet i nabolaget med blomsten "Juleglede" til naboer og venner. Vi ble alltid tatt vel imot, og det hendte at vi barn fikk noe godt, eller en liten gave. Det likte vi!

Så kom julaften! Årets lengste dag! Full av både glede, forventninger, og en klokke som nesten stod stille. Huset var pyntet, og pakkene var lagt under treet. Jeg husker jeg smugkikket ofte på merkelappene, selv om det var helt ulovlig!

Om ettermiddagen gikk vi i kirken, Årstad kirke, som lå rett oppe i gat-en der vi bodde. Etterpå måtte mine søstre og jeg alltid legge oss fordi vi skulle være uthvilt til kvelden. Vi sov aldri, bare snakket og fortalte hverandre historier. Vi likte ikke å ligge i sengen midt på dagen, men

det var ingen nåde. Mor ville nok ha fred noen timer, tenker jeg! Julaften feiret vi alltid hjemme hos oss med familien til far. Bestemor og bestefar, fetter, tanter og onkel.

Julemenyen var alltid pinnekjøtt og kålrabistappe. Alltid kjempegodt! Før maten leste en av oss alltid juleevangeliet. Det var ofte min jobb, og jeg likte det! Vi sang også en julesang før maten.

Julekvelden gikk med gaveutdeling, og gang rundt treet. Bestemor hadde alltid fast jobb med bretteing av julepapiret etter gavene var pakket opp. Julepapiret ble brukt om igjen år etter år! Jeg tror hun strøk papiret på baksiden før det ble brukt på nytt året etter. Gavene fra henne var alltid strikkesokker og gryteklater. En av oss delte ut gavene, og alle måtte se hva som var inne i pakken. Det var ikke slike mengder med gaver som det er i dag! Bestefar sin gave var alltid en konvolutt med en papirpengeseddel oppi. Vi barn fikk alltid en gul 10-kroneseddel. De voksne fikk en grønn eller rød seddel. Men vi var fornøyd med den gule. Vi kunne få mye for en "tier" den gangen!

Å gå rundt juletreet var også kjekt. Jeg likte godt sangene med aktiviteter. "Jeg gikk meg over sjø og land" og "Så går vi rundt om en enerbærbusk" var mine favoritter. Men det var også gildt med de klas-siske julesangene. "Det lyser i stille grender" har jeg likt spesielt godt.

Juledagene var som regel rolige med besøk hos familien, tur, kirke-gang og kanskje lese en julegavebok.

En lang tradisjon har vært å sende julekort til venner og familie med ønske om en god jul og et godt nyttår. Det er en fin tradisjon. Men det er ikke alle som er så heldig at de har så gode minner om julen. Det er barn som gruer seg til jul, ofte på grunn av alkoholmisbruk, kranling i heimen eller andre grunner.

Jeg har et stort juleønske og det er at alle, både små og store får en RIKTIG GOD JUL og et GODT NYTTÅR!

Med julehilsen fra Tone Rasdal

Juleminne:



Gunn Bjørg Aasland

"Minnes at vi gikk til julegudstjeneste kl 17 i Haydom Kirke, Tanzania. Lukta av bål fylte lufta, fra alle hyttene rundt misjonsstasjonen som lagde mat på åpen ild. Jeg var veldig spent på gaven søsknene mine hadde tatt med fra Norge, og ut ifra innpakningen så det ut til å være akkurat det jeg ønsket meg. Sammen med tanken på at hele familien var samlet under samme tak noen uker, fylte dette meg med en

intens, komplett og god følelse, som jeg som 11-åring ønsket å bevare hele livet."

Hilsen Gunn Bjørg Aasland

Julespill på Lye

Juleevangeliet i moderne drakt



Alle bildene er fra fjorårets framføring i aulaen på Lye skule

Resepten er enkel: Unge aktører blander nåtidens teknologiske begreper inn i verdens mest kjente historie. Nye sanger tas i bruk, og vips, så har vi julebudskapet i en tidsmessig innpakning.

Budskapet er det samme, men et mer enn 2000 år gammelt budskap har fått et moderne uttrykk, og enkelte overraskende ingredienser.

Gjentar suksess

Suksessen fra i fjor gjentas i år, med flere nye skuespillere, og to nye sanger som er skrevet av Ragnhild Hanssen. Jul på Lye fremføres i aulaen på Lye skule første søndag i advent.

Når uttrykk som Facebook brukes av Josef som en morsom vri i starten på oppsetningen, sier Maria: «Facebook er jo ikke oppfunnet ennå.»

Og så er det egentlig «Reis bort», Josef mener. At alle må reise bort for å skrives inn i manntall, som er starten på juleevangeliet.

Og publikum får flere eksempler på anakronismer som er krydret inn i tekstene.



Juleteater

-Hvorfor har du skrevet julespillet Jul på Lye?

-Jeg ønsker å sette julestemningen, og bruker teater som virkemiddel, sier Sigurd Idland.

-Nye, kraftige kunstneriske virkemidler benyttes for å få frem et sterkt budskap, sier han.

Mellom 60 og 70 store og små deltar i og rundt oppsetningen når vi tar med skuespillere, kor, teknikere, riggere, billettselgere og vakter, sier Idland.

Han sier julespillet er skrevet over tid.

-Dette har vært en lang prosess. Jeg drev med revyer og ulike teateroppsetninger da jeg var lærer på Tryggheim. Og så har jeg erfaring fra IMI-kirken i Stavanger, der jeg så hvordan tema fra Bibelen ble knyttet sammen i nåtid.

Glød og glede

-Jeg skrev Jul på Lye sommeren 2013, sier han.

-Det er også viktig at ungdommene som er med, og som har glød og er glad i dans, drama og sang får uttrykt seg, og samtidig har det kjekt sammen.

-Hva er de største utfordringene?

-Det er krevende å koordinere mange ting på en gang. Samspillet mellom kor, det musikalske, kostymer, aktører på scenen og teknikere, men også markedsføring i forkant sier han.

Smart eller dum

-Hvorfor ikke bare lese juleevangeliet fra Lukas 2 for de som kommer?

-Her får folk i aulaen ta i bruk mange sanser, og ikke bare lytte til en opplesning.

De får høre musikk og sang, oppleve dans og skuespillere i aksjon som forteller og visualiserer en historie.

(FAKTA)

Jul på Lye

Hva: Julespill

Tema: Juleevangeliet

Manus og regi: Sigurd Idland.

Har skrevet de fleste sangene:

Ragnhild Hanssen.

Aktører:

Barn og ungdom på Lyefjell.

Noen voksne. Lye Barnegospel.

Agape.

Hvor: Aulaen, Lye skule.

Når: 1. søndag i advent,
30. november.

To forestillinger: kl. 16.00 og 18.00

-Hva skal publikum sitte igjen med etter å ha sett oppsetningen?

-At Jesus kom til oss. Kan de som får med seg julespillet kjenne på gleden av at Gud kom til jord, er jeg fornøyd. Vismennene tror de må være smarte for å finne Jesu-barnet, men de enfoldige og enkle gjeterne sier at alle kan finne Jesus, sier han.

-Jeg liker godt refrenget i en av sangene som fremføres av de to Lye-korene som deltar i oppsetningen, sier Sigurd Idland:

«Om du er smart eller dum, om du er blind eller stum, Alle dei som vil kan finne Jesus».

Dafo



Glad-gjeng i Hognestad barnekor



Glad-gjeng i Hognestad barnekor

Litt av ein frisk gjeng med masse energi som Helgedagen får møta ein tysdag i oktober! 12 flotte born denne ettermiddagen. Ikkje alltid lett å få full konsentrasjon frå alle – på same tid - når aldersspennet er frå 4 til 9 år, men snart er dei i full gang med: "Sha la la", for full hals! "Jesus elsker oss." Like friskt lyder det på: "Det er gøy, gøy, gøy, å rope høyt, høyt, høyt, det er Jesus som vi kjenner." Dei får bruka heile kroppen når dei syng, med bevegelser tilpassa innhaldet i songane. Stor songglede!

Heile kroppen er med!



Hognestad barnekor starta for om lag eitt år sidan. Øver i mediateket på Hognestad skule annankvar tysdag kl 17 – 18
Alder på medlemmene: Frå 4 år til 4. klasse
Leiarar: Brynhild Stokka Andersen, Sofie Braut og Irene Rettedal Losvik

1. søndag i advent skal dei vera med og syngja i Time-kyrkja, så dei må øva litt på "Vi tenner lys". Då brukar dei hermeleiken for å læra ny song: Leiaren syng føre og borna repeterer det same. Dei hugsar godt, så det fungerer fint! Å vera solist er ekstra kjekt, og dei må få prøva litt åleine. Ingen sceneskrekke å sjå her!

Godt!



Flinke forsongarar!



Danseglede!



Avslutningssong

Variasjon er viktig for denne aldersgruppa, så dei har eit mellomrom med Danseleiken: musikk med full aktivitet, full stopp når musikken stansar. Den overskytande energien får utlaup – og dei greier å "frysa til is" når det blir stille.

Mediateket har ein romsleg hjørnesofa, og der samlar dei seg til ein kort andakt. Sofie har med seg ei velbrukt bok om mannen som bygde huset sitt på fjell. Engasjert framføring får dei fleste til å følgja med på husbyggjinga, både på fjell og sand.

Og så eit lite høgdepunkt, samla i sofaen: godtetid. Alle får kvar sitt plastglas med nokre kjeksfiskar oppi og vatn å drikka. Populært! Ja, det vart faktisk bonusgodt også, sidan dei hadde vore så flinke. Den vesle, ekstra godbiten smaka nok supergodt!

Ein time går fort, og B. Eidsvåg sin song avsluttar korøvinga denne tysdagen:

*Gå i fred, tjen Herren med glede
 Herre, vær oss nær
 Herren gi deg kraft og styrke til å tjene
 Herre, vær oss nær.*

Leiarane understrekar at det er plass til fleire i koret, så det er berre å ta kontakt med ei av dei. Kan anbefalast å vera med i barneket på Hognestad! Inspirerande å sjå samspelet mellom born og vaksne, songgleda og trivselen! Synd at du som les ikkje får med lyden!

Tekst og foto: LHH

Ser de han som bygde på fjell?



Solistane konsentrerer seg!

M – m – m – gode fiskar!



Smilande leiarar, fv: Irene Rettedal Losvik, Brynhild Stokka Andersen og Sofie Braut



Undheim laget fest: Avskjed med Per Børge Hillestad



Blant de mange morsomme innslagene på festen var det også laget en ny "hyrdedrakt" til Per Børge Hillestad. Her med drakten i samfunnshuset med sin forlovede Kristin som uken etterpå ble hans kone.

Fredag 17. oktober 2014 var det avskjedsfest for sokneprest Per Børge Hillestad på Undheim. Festen startet først i Undheim kyrkje for å fortsette i samfunnshuset der det ventet kaffe og mange kaker. Undheim kyrkje var fullstappet og det var vanskelig å finne stoler og bord til alle som var med over til samfunnshuset. Etter 12 år som prest på Undheim var det slutt og folket møtte opp for å vise sin takknemlighet for det han har vært for dem disse årene.

Blant mange gode innslag gjorde Evy og Jan Jonassen et mektig inntrykk i framførelsen av duetten "From This Moment On".

Både menigheten, idrettslaget og revygjengen sto bak festen - noe som viser litt av den bredden han hadde i sitt engasjement for menneskene på Undheim.

Tekst og foto: KAA



Evy og Jan Jonassen sang duetten "From This Moment On" på samfunnshuset. En fantastisk opplevelse!



Avskjedsfesten for Per Børge Hillestad. Undheim kyrkje var fullsatt.

Elever på Restaurant- og matfag ved Bryne vgs. hadde laget en kjempestor kake til festen. Den var utstyrt med bilde av fotballtreneren og presten Per Børge, rosende karakteristikker og takk til Per Børge



SOKNEPRESTEN PÅ UNDHEIM TIL NY PRESTETJENESTE.....



Per Børge Hillestad

Vi er takknemlige for den tjenesten Per Børge Hillestad har gjort på Undheim og i Jæren prosti, og ønsker alt godt i den nye soknepreststillinga!

Per Børge Hillestad var hans navn, den 29 år unge presten som kom til "den grønne bygda" Undheim for tolv år sidan. Han kom som kyrkjelydsprest, løna av bygdas egne folk. Han fekk bety mykje for Undheim-bygda og for mange folk. Han bygde opp, saman med gode medarbeidarar, eit stort engasjement gjennom det som skjedde i og i regi av Undheim kyrkje. Det blei knytta nye kontaktar på tvers i bygda, kontaktar som ikkje hadde vore så sterke før. Kyrkje, skule, barnehage, idrett, revy- og teatergruppe og samfunnshus blei sveiste saman på ein ny, flott måte. Per Børge var viktig i dette arbeidet, saman med bygdas egne folk. Han var svært glad i folk. Ikkje få timar har gått med til både uformelle og formelle kontaktar og samtalar.

Han var frå Bergen, og la ikkje skjul på det. Både Bergen og Brann kom nærare Undheim-bygda enn denne byen og dette fotballaget nokon gong tidligare hadde vore. Og mykje godlynt tull kom ut av dette. Per Børge vil bli hugsa for mange ting: Gudstenestene med stor involvering av mange i alle aldrar. Stort engasjement i alt han bidrog med og sa. Glad i bruk av data, drama og mange andre kulturelle uttrykk både i gudstener og samlingar. Dette gjorde formidling og budskap rikare. Filmar vart lagde og helikopter rekvirert for slike oppdrag. Barn, unge og eldre vart engasjerte til glad dans i gata! Per Børge var glad i å forkynna og treivst i møte med den einskilde. Og "djupdykk" blei det mange av i Guds ord, til glede for dei som følgde dei.

Stillinga hans blei etter kvart gjort om til soknepreststilling med deling av økonomi 50/50 mellom Stavanger bispedømmeråd og framleis eigenfinansiering i bygda. Dette betydde ikkje så mykje i praksis, anna enn at han nokre gonger hadde gravferder og gudstener også andre stader i kommunen. Han vart verande Undheim sin eigen prest heile tida.

Også ein prest opplever blandinga av gode, krevjande og vanskelige tider. Takk til bygda for den flotte måten de tok imot og har støtta dykkar prest på! Takk til Per Børge som ga så mykje av seg sjølv, og for det gode han har betydd for mange. Nå har han starta opp i Bjørgvin bispedømme som sokneprest i Austrheim og Fedje sokn. Me ønsker alt godt for prestetjenesta vidare. Og må Gud velsigna både han og kona Kristin.

Kjell Børge Tjemsland



Bryne
Kto. 3325.20.11906



NMS Gjenbruk
på Bryne

Parken Senter
(tidlegare postlokala)

Inngang ved hjørnet til
Saronsbråttet og Meierigata
tlf. 951 06 028

Opningstider:
mandag/fredag 10.00-17.00
laurdag 11.00-15.00



HANDEL MED MEINING



Lyebuen Eline Garpestad (til venstre) og venninna Astrid i Kampala, Uganda

I Helgedagen sitt julenummer i fjor kunne me lesa om Ester Alemayehu Hatle som hadde reist til Uganda: Frå Ungkyrkja til Uganda. Nå fylgjer Eline Garpestad frå Lye i hennar spor.

”Den første jul i et fremmed land” ---- Kanskje vert **det** julestrofa som dukkar opp for Eline Garpestad nå som julefesten står for døra. Ho reiste i haust frå Lye til heilt andre himmelstrok, til Uganda og hovedstaden der, Kampala. Så nær ekvator gjeld det nå hamla opp med varmegradene, studera den stjernestrødde himmelen og oppdaga at ikkje ein gong måneskalken ser ut som heime, men framstår i ”liggestilling”.

Dette er nok småting for 20-åringen, for nå er det livet i by-barnehaugen som har fokus. Totalt 400 born oppheld seg der dagleg. Med kofferten pakka og reisedokumenta klare, sa ho dette til Helgedagen like før avreise: ”Eg har alltid fantasert og drøymt om å reisa til Afrika. Det har vore eit veldig, veldig stort ynskje for meg. Så nå bare gler eg meg til desse seks månadene eg får vera der. Valet mitt om å reisa vart endå enklare då eg fekk grønt lys frå familien. Dei har bedt for meg og dette, spesielt mormor”.



Eline Garpestad omgitt av barn i barnehaugen Miles2smiles som Strømmestiftelsen driv

Eline har etter vidaregåande gått eitt år på Sagavoll folkehøgskule og er nå student på Hald Internasjonale senter. Skulen ligg i Mandal og vert driven av Strømmestiftelsen, Det norske misjonsselskap og Laget. Desse tre eigarane har så kvar sine utvekslingsprogram. I Kampala har Strømmestiftelsen kontor, ActNow, og dei fylgjer Eline, og venninna hennar frå Kristiansand, i denne delen av studiet. Men skuleåret starta på senteret i Mandal med førebuingar. Der har ho vore i lag med studentar frå fleire nasjonar fordi utvekslinga er tovegs. Slikt gir god informasjon om respektive fedreland og kulturskilnader. I Mandal er det t.d. ein kvinneleg student frå Uganda. Så nå har Eline enkle ord og begrep på ”lugandisk” med i bagasjen. Ho håpar å få læra mykje meir av språket og kulturen mens ho er der. Alt nå har ho skjøna at ho skal møta eit åpent og inkluderande folkeferd der sør.

Lye – ein god stad å veksa opp

Det var godt å veksa opp på Lye. Eg var mykje med i KRIK i Idrettshallen. Forsamlingshuset har også vore ein god møteplass. Der har eg vore med i lovsangsteam i ungdomsmøta, men det er alt nokre år sidan”, fortel ho.

Kontrasten Norge-Uganda

Eline ser tankefullt framfor seg: ”Fordi me har det så godt i Norge på alle vis, har eg nok tenkt at eg kan reise til Afrika og tilføra dei noko. Men etter få veker i eit internasjonalt miljø på Hald, og med fokus på globale spørsmål, er desse tankane snudde. Kanskje det vert eg som får læra, tenkja nytt og kjem heim med ein bagasje for livet”. Lukke til, Eline!

emb

Her kan du fylgja Eline Garpestad frå Lye: Kwagalauganda.blogspot.no



Fotland bedehus

Bønnemøte: 1. des, 12. jan, 26. jan
Ope hus: 21. nov, 5. des, 9. jan, 23. jan, 6. feb
Ungdomstreffen: 6. des, 17. jan, 31. jan
Søndagsskule: 23. nov, 7. des, 4. jan, 18. jan, 1. feb
Guttalag: 24. nov, 5. jan, 19. jan, 2. feb

25. nov Forening NMS:
28.-29. nov Julemesse (sjå eigen annonse)
28. des Juletefest
31. des Nyttårsfest Ungdomstreffen
18. jan Temakveld m/ Sofie Braut
25. jan Møte IMF
25. jan Møte NML
1. feb Møte Normisjon



AKTIVITETEN På SARON Hausten 2013

Torsdager 19.00 – 21.00

Fra 6. klasse annenhver torsdag:
13.11- 27.11

Starter opp igjen i 2015: 9.01

Modellflybygging og simulator, bil og elektro byggesett. Andakt. Pizza.
Misjonssambandet

Julegudstenester på Sivdamsenteret og Bryneheimen

På julafta er det kvart år gudstenester på Sivdamsenteret og Bryneheimen

Kl 10:00 Bryneheimen
Kl 11:00 Sivdamsenteret
Program: Gudsteneste v/ prost Kjell Børge Tjemsland, song og musikk.

Personalet på avdelingane har ofte ikkje høve til å bli med, og det kan for mange vere godt å få hjelp og fylgje. Vi oppfordrar familie og vener til å delta saman med bebuarane.
Det er ikkje eigen gudsteneste på Sivdamsheimen på julafta. Alle som bur her er også hjarteleg velkomne bort til Sivdamsenteret, saman med familie og vener.
Hjarteleg velkomen



Minnegudsteneste i Time kyrkje

**Søndag 11. januar 2015
kl 19.00**

Minnegudsteneste i Time kyrkje

Vi vil minnast dei som døydde frå oss i 2014. Namna på dei som er gravlagt i Time i 2014 blir lest opp og det blir tent lys. Stein Ødegård og Marit Høie Hetland leiar samlinga.
Songgruppa Shalom blir med

*Gudstenesta er open for alle
Velkomen!*



Bedehuskirken

ImF Bryne, Saron

15.-17. nov Jentespretten
22. nov 20:00 Ungdomsgudstjeneste
24. nov 11:00 Morgengudstjeneste
24. nov 19:00 Kveldsgudstjeneste
25. nov 20:00 Ledersamling

06. des 20:00 Ungdomsarrangement
08. des 11:00 Morgengudstjeneste
08. des 19:00 Kveldsgudstjeneste
20. des 20:00 Ungdomsgudstjeneste
24. des 15:00 Julegudstjeneste

Misjon blant jøder

Israelsmisjonen i samarbeid med
Bryne kyrkjelyd

**24. og 25. jan 2015
i Bryne kyrkje**

Tidligere leder av landsstyret
Kurt Hjemdal

Program:

Lørdag 24. januar kl 12 – 14
Miniseminar med tema:
Fred for Jerusalem del I og del II

Søndag 25. januar kl 18: Kveldsmøte
Kurt Hjemdal: Israels plass i troslivet?
Per Larsen: Inntrykk etter Bridgebuilder - besøket. Sang: Jærklang
Misjonsinformasjon og aktuelt fra Israel
Det blir enkel servering
Offer til evangelisering blant jøder

NB! Kurt Hjemdal taler på gudst. i Time krk. kl 11



HEILAGE TRE KONGARS FEST SARON SØNDAG 4. JANUAR KL 1900

Tale av sokneprest Lars Sigurd Tjelle
Misjonsorientering av Terese Bue Kessel:
”Kristus-kvinner - eit annleis kvinneliv”

Misjonsskorpset, Egersund
Servering - Misjonsgave

Det Norske Misjonsselskap



Bryne Kyrkja ”Søndagstreff”

Kl 18.00: Ringleik & allsong + kaffi & drøs i peisestova i
Bryne kyrkje

Kl 19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen
Søndag: 7. des. - 4. jan. - 1. feb.

FRELSESARMÉEN



BRYNE November:

Tir 18.	kl 10.30 Babysang
	kl 19.00 hjemforbundet
Ons 19.	kl 19.00 Alpha kurs
Tor 20.	kl 12.00 Cafe William
	kl 18.00 Koinonia
Fre 21.	kl 18.00 FAbu-klubb
Lør 22.	kl 17.00 Julebasartrekning
Søn 23.	kl 11.00 Familiegudstjeneste (Babysangs diplomfest)
	kl 18.00 Besøk Åna fengsel
Tir 23	kl 19.00 Hjemforbundet
Ons 26 .	kl 18.00 Besøk på Hå sykehj.
Tor 27.	kl 18.00 Over de 60
Fre 28.	kl 18.00 FAbu-klubb
	kl 19.00 Besøk Fraholdslag
Søn 30.	kl 17.00 Julegrantenning
	kl 18.00 Gudstjeneste

Desember

Ons 3.	kl 17.00 Besøk på Nærbo samf.hus
Tor 4.	kl 17.00 LHL Brusand
Fre 5.	kl 18.00 FAbu-klubb
Søn 7.	kl 17.00 Gudstjeneste Adv.
Ons 10.	kl 17.00 Hå sykehj. Røde kors
Fre 12.	kl 16.00 Bryneheimen
	kl 18.00 FAbu-klubb
Søn 14.	kl 17.00 Vi synger julen inn!
Ons 17.	kl 19.30 Thime Station
Tors 18.	kl 12.00 Cafe William (mid dag og utdeling av gaver)
	kl 16.00 Over de 60
	kl 19.30 Vi synger på Nærbo pub
Søn 21.	kl 17.00 Gudstjeneste (Adv .)
Ons 24.	kl 15.00 Julaften
Søn 28.	kl 17.00 Juletefest

Trusopplæringstiltak vinteren 2014-15

Undretur for 2-åringar (fødde 2012)



Ta 2-åringen med på ei spennande vandring i kyrkjerommet. Det blir song, spel, lek, undring og oppdaging. Alle som kjem får CD-en «Kven har skapt alle blomstene?». Invitasjon kjem i posten. Påmelding.

Laurdag 22. november kl 10.00-11.00: Time kyrkje (Hognestad og Lye skulekrinsar)

Torsdag 4. desember kl 17.00-18.00: Bryne kyrkje (Bryne og Rosseland skulekrinsar)

Barnebibel for 4-åringar (fødde 2010)

Utdeling av barnebibel desse datoane:


Søndag 16. november kl 11.00: Time kyrkje

Søndag 16. november kl 11.00: Bryne kyrkje

Søndag 23. november kl 10.30: Lye forsamlingshus

Søndag 23. november kl 10.30: Undheim kyrkje

Søndag 23. november kl 11.00: Rosseland skule



Barnebibelen som trusopplæring

Barnebibelen er ledd i kyrkja si satsing på trusopplæring på heimebane. Foreldre og føresette er dei viktigaste til å formidla kristen tru og tradisjon til barna. Vi håpar den flotte barnebibelen kyrkja gir i gåve til 4-åringar kan gje mange gode opplevingar og kan vera utgangspunktet for samtale. Barnebibelen har flotte teikningar og enkel tekst. Ikkje la fire-åringen din gå glipp av denne fine boka! Invitasjon kjem i posten. Påmelding.

Adventsklubb for 4-åringar (fødde 2010)



Vi skal ha samlingsstund, tenna adventslys, syngja og høyra om det som hende den første jula i Betlehem, laga julepynt og eta litt. Ta gjerne med ein vaksen og bli med på adventsklubben! Invitasjon blir sendt ut. Påmelding.

Illustrasjon frå «Barnebibelen for dei små»

Måndag 1. desember kl 16.45-17.50: Bryne kyrkje (Bryne skulekrins)

Tysdag 2. desember kl 16.45-17.50: Bryne kyrkje (Rosseland skulekrins)

For barn frå Hognestad, Lye og Undheim blir adventsklubben anten i heimar eller i kyrkje/forsamlingshus. Datoar ikkje klar då Helgedagen gjekk i trykken.

Dåpsskule for 6/7-åringar (fødde 2008)

Kyrkja har ein eigen skule spesielt for 6/7-åringar. Vi kallar han for DÅPSSKULE. På dåpsskulen har vi det kjekt i lag! Vi høyrer bibelforteljingar, syng, lagar noko, les og leikar. Barna får ei spennande bok som heiter "Tre i eit tre". I denne boka høyrer vi om tre barn som har ein hemmeleg klubb – det skal vi også ha!

Dåpsskulen går over fire samlingar etter skuletid og ei «dåpsskulehelg».

Laurdagen har vi kyrkjedag i kyrkja og søndagen er vi med på gudstenesta. Vi gler vi oss!

Invitasjon og meir informasjon kjem etter nyttår.



Navigasjonshjelp i kvardagen



Elin Underhaug Kanu frå Bryne og Dennis Kanu frå Sierra Leone har vore deltakarar på kursa "To på samme kurs" og "Et annerledes språkkurs" og deler sine erfaringar her

Intervju med Elin og Dennis.

Ein onsdag ettermiddag ringer eg på hos Elin og Dennis. To glade og smilande menneske opnar døra og inviterer meg inn. Me har ein avtale om å snakka litt om dei to samlivskursa dei har gått på. Då Elin og Dennis fekk spørsmål om dei kunne tenka seg å bli intervjuar til Helgedagen om kursa, svara dei begge to umiddelbart ja. «Det var veldig positivt for oss å vera på kurs på Holmavatn, så det har me lyst til å anbefala til andre òg», sa dei.

Elin og Dennis har vore på begge kursa. I januar 2011 gjekk dei på kurs 1, «**To på samme kurs**», og året etter melde dei seg på kurs 2, «**Et annerledes språkkurs**». Eg måtte spørja dei kva det var som gjorde at dei melde seg på. Dei to fortel at då dei skulle gifta seg og hadde vigselamtale med presten, så fekk dei med seg ein informasjonsbrosjyre om kurset. Dei tenkte at dette var ei investering for samlivet som dei ønskte å prioritera. «Det er mykje i samfunnet me må ha sertifikat for å gjera, men det fins ikkje noko sertifikat ein må ta for å ha lov til å gifta seg. Me tenker at det må jo vere litt undervurdert, det er viktig å jobba med forholdet, me blir liksom aldri utlærte», seier dei.

Korleis var det for dykk å vere på kurs?

Det var utruleg flott. Det var to gode helger på Holmavatn der me fekk god tid til kvarandre. Området var fantastisk, me kunne gå på tur i den flotte vinternaturen, utruleg god mat, me fekk slappa av, og i tillegg fekk me bli kjende med andre par som var på kurset. Og så var det utruleg lærerikt. Me lærte mykje om korleis me kan vere gode partnarar for kvarandre.

Kva i kursa fekk de mest utbytte av?

I begge dei to kursa er det lagt inn god tid til parsamtalar. Det betyr at me som par går med oss sjølve der me får nokre spørsmål som me skal prata om saman. Dette var svært nyttig for oss. Her fekk me snakka om ting med kvarandre som me trur at me aldri ville ha kome inn på elles. Det var ein god mulighet og frihet til å få snakka med partnaren utan at nokon andre hørde på oss. Det var veldig godt lagt til rette for desse gode samtalanene.

Var det utfordrande å vera på kurs?

Først tenkte me at det var litt skummelt å skulle dela erfaringar frå sitt eige liv i ei gruppe saman med andre par. Men det var jo slik at me

kunne bestemme heilt sjølve kva me ville fortelja i plenum. Og så opplevde me at når andre fortalde om utfordringar som dei hadde hatt i sitt liv, så blei det veldig god hjelp for oss. Når me nå etter kursa står overfor liknande utfordringar, så er me veldig mykje betre forberedt. Då veit me at desse utfordringane ikkje er så uvanlege, andre har det også slik som oss. Dette har vore med på å forebyggja konflikhtar i samlivet vårt. Me har teorien før utfordringane kjem i ein travel kvardag, og då kan me møte dei med eit heilt anna utgangspunkt. Då me gjekk på kursa hadde me vore gifte i eit halvt år og eitt og eit halvt år. Det var veldig lærerikt for oss å gå på kurs saman med par som hadde vore gifte i mange år. Slike kurs skulle ha vore obligatoriske for alle par som ønskjer å halda saman livet ut!

Korleis påverka kursa parforholdet dykkar?

For oss blei kursa som ei navigasjonshjelp i kvardagen. Me kjem frå svært forskjellige bakgrunnar, og den bagasjen me har med oss frå barndomsheimane våre er svært ulike. I desse kursa fekk me eit positivt møtepunkt, der me får betre føreseielege vilkår i forholdet vårt. Spesielt nyttig var det å læra om dei ulike kjærleiksspråka. Det bidrog positivt til at me fekk utvikla relasjonen til kvarandre. Når me ikkje var obs på dei ulike kjærleiksspråka, var det lett å behandla partnaren slik som me sjølv ønskjer å ha det, men kurset gav oss hjelp til å ha større fokus på at me føretekjer ulike ting frå kvarandre. Gruppeleiarane våre var også veldig gode til å komma med gode eksempel frå sine liv.

Kva ville de ha sagt til andre som vurderer å melde seg på kursa?

Me ville ha anbefala dei å prioritera kurset føre andre ting, for det er ei kjempegod investering i forholdet. Uansett kor travelt dei har det, så er det verdt det. Tenk på kor mange samlivsbrot det er i dag. Og tenk på kor mykje det kostar, i motsetning til kva kurset kostar. Me skulle helst ha vore på eit slikt kurs kvart år. Ja, kursa skulle ha vore obligatoriske for alle som ønskjer å leva saman, uansett om parforholdet er nytt eller dei allereie har levd saman i mange år. Det er lett å bli påverka av for eksempel filmar, om at alt skal vere så roseraudt og flott heile tida. Men så er kvardagen travel og har mange utfordringar. Det er realiteten, og då er det viktig å halda fokuset på kvarandre. Me er veldig takknemlege for at me fekk høve til å gå på kurs, og skulle ønskja at alle par kunne få det.

Marit Høie Hetland

Bli med på kurs!



Laurdag 24. – og søndag 25. januar 2015 blir begge kursa som Elin og Dennis var på arrangerte på Holmavatn.

(Begge kursa går parallelt, og de må seie frå ved påmelding kva kurs de ønskjer å ta). Det er framleis ledige plassar.

Sjå annonsen nedanfor:

Julegåvetips - gavekort

Er det vanskeleg å finna på kva du skal gje i julepresang? Her er eit supertips, ei gåve som investerer i framtida: Kva med å gje eit av samlivskursa i julegåve til nokon du er glad i? Anten til partnaren sin, vener, eller kanskje barn/sivgerbarn kan få eit kurs saman med tilbod om barnevakt som ein del av pakken? Vi har gavekort som du kan få kjøpa. Ta kontakt med diakon på tlf 51 77 03 77 eller email: diakon@time-kyrkja.no

VELKOMMEN TIL SAMLIVSKURS

På Holmavatn 24. – 25. januar 2015

NB! Kursa går parallelt. Vel eit av dei!



Et annerledes språkkurs

Målsettinga med kursa

Styrka evne til å forstå kvarandre
Styrka evne til å leva med forskjellar
Styrka evne til å snakka saman

Pris

Pris for heile weekendkurset er 1700,-
Dette inkluderer full kost og losji

Påmelding til Time kyrkjekontor tlf. 51770377

Mail: diakon@time-kyrkja.no

Frist: 8. januar 2015

Arrangør: Kyrkjene i Time, Klepp, Hå og Sandnes



Bibeldagen 2015: Biblar til Egypt

Bibeldagen 2015 blir feira 1. februar

Den eldgamle koptiske kyrkja i Egypt har dei siste åra opplevd ei sterk bibelvekking. Dei kristne elsker Bibelen og mange tek kvar veke del i bibeltimar og bibelgrupper. Men mange vaksne har ikkje høve til å lesa i Bibelen. «Eg pleidde å gråta når eg opna Bibelen,» fortel ei ung mor. Over 30 prosent av vaksne egyptarar kan ikkje lesa. Dei fleste av desse er kvinner. Gjennom leseopplæring med Bibelen får dei både sjølvrespekt og høve til å lesa i Bibelen. Egypt er det landet i Midtausten som har flest kristne. Bibelselskapet i Egypt når kvart år 100 000 skuleborn med illustrerte biblar og 500 000 born med kristent materiell. På Bibeldagen 2015 støttar vi:

- Bibelutdeling til born i skular og kyrkjer
- Leseopplæring med Bibelen for vaksne
- Arbeidet med å gjera Bibelen tilgjengeleg i bibelbutikkar over heile Egypt
- Spreiing av biblar til bibelstudiegrupper i den koptiske kyrkja



På Bibeldagen 2015, som vert feira den 1. februar, kan me vera med på å støtta dette viktige arbeidet. Me kan lesa meir om Bibeldagsprosjektet på nettstaden www.bibeldagen.no.

Gåvekontonummeret til Det Norske Bibelselskap:

3000.16.16869

Strålande jul – en julekonsert til inntekt for Idas hjelpefond



9. desember kl 1900 samles kultur og kirke for å sammen gjøre julekonsert i Bryne kyrkje til inntekt for Idas hjelpefond.

Konseptet er inspirert av en julekonsert Svein Harry Schötter Hauge startet i 2011. Sammen med St. Petri kirken i Stavanger utfordret han alle ansatte i Rogaland Teater til å synge et par sanger hver og gi billettene uavkortet til Kirkens bymisjon. Konserten ble tatt veldig godt imot av publikum da de fikk oppleve en konsert der de både fikk en fredfull kveld med nydelig musikk i julestria, men også fikk være med på å gjøre livet til andre mennesker bedre med sitt bidrag. Det ble så å si et krav at dette måtte gjentas, og det har i ettertid blitt en årlig hendelse i St. Petri.

En av de som stod på scenen ble så glad i konseptet at han i ettertid har drømt om å ta det med seg hjem til Bryne, og i år skal det skje. Positiviteten og givergleden hos de som har blitt spurt om å være med har vært overveldende, og det har vært et tvers igjennom takknemlig arbeid å legge planer. Den ene etter den andre har velvillig sagt ja til å bidra både på og av scenen for å gjøre dette til en nydelig konsert for å gi til et godt formål. Forankret i det lokale miljøet av talenter innen sang og scene har vi funnet en miks av artister som kommer til å levere kjente og kjære julesanger, iblan-

det egenprodusert materiale. Av de som leverer egne sanger er det melankoli og jærsk trausthet som sammen med julesangene danner en ramme der vi ønsker at publikum kan legge fra seg bekymringer og travle tanker, og bare nyte en fredfull konsert.

Mer informasjon om arrangementet kommer på www.brynekyrkja.no

Bjørn Inge Hauge

På scenen ser du: Anne - Margrethe Eikaas Svanes, Bjarte Lending, Brigt Skrettingland, General Forsamling, Frank Andreassen, Hilde Selvikvåg, Iren Førland, Jan og Evy Jonassen, John Gravidal, Karin Hodne, Kim Laland, Mari-anne Røise Lygren, Silje Sandanger og Thomas Wesley Brasel.

Band: Magnus Rød Haugland - bass, Henning Rød Haugland - keys, Kurt Lisø - trommer, Bjørn Bohne - Gitar

Billetter kan kjøpes fra og med 4. november på <http://www.billettsservice.no>, hos 7-11 og hos Narvesen. Så sant det er billetter igjen vil det også bli solgt i døren.

Konserten starter 19.00 og dørene åpnes 18.30. Billettene koster 325 kr

Fest i Guds hus



Barnekoret fra Misjonskyrkja, Kor Bra viktig aktør under "Fest i Guds hus".

Søndag 14. desember skal Adventsmessa Fest i Guds hus, tekst av Eyvind Skeie og musikk av Geir Knutson, framførast i Brynekyrkja. Enno ei gong skal me få oppleve tekstar og musikk som verkeleg tek tak i oss i den hektiske førjulstida, og viser oss kva jula eigentleg dreier seg om.



Katarina Sunde, engelen som dansar i adventsmessa

Om messa seier Eyvind Skeie mellom anna dette: *Tilfelle ville at føreordet til verket vart skrive i Baku i Aserbadsjen, i eit av verdas eldste kristne kulturland. Her ser ein no at den kristne kulturen søv i dette landskapet, i gamle kyrkje-ruinar med nesten forstøva gravstøtter, og der*

krossteikna berre så vidt kan skimtast. Det er tydeleg samanheng mellom dette forfallet og faren for å misse kristne tradisjonar og kristne symbol i vår eiga tid. Dersom ein generasjon forsømmer dette, så vil andre former og andre røyster ta over, og det kristne innslaget vil til sist tagna. Advent og jul er den delen av den kristne årstidstradisjonen som framleis har kraft og innverknad på folket vårt i stor skala, men det er klåre tendensar til at og denne høgtida vert svekka. Julefeiringa kan ha ein tendens til å skyggja for adventsmotiva, slik at førebuingstida kan verta borte. I denne messa er det difor adventstradisjonane som vert vektlagde. Gudstenesta er bygt opp rundt viktige symbol og adventstekstar.

Adventsmessa Fest i Guds hus er framført 3 gonger hos oss, første gong i Bryne 9. desember 2007, så 2 gonger i Time kyrkje. I år står Brynekyrkja og Bryne Misjonsmenighet saman om gjennomføringa. Aktørane er barnekoret Kor Bra, blandakoret Jærklang, blåsarar samt songsolistar og dansarar frå Kulturskulen. Kom til Brynekyrkja denne søndagsforemiddagen og få med deg denne adventsmessa. Den vil garantert gripa deg.....!

*Tekst: AV
Foto: OU*

Adventsmessa Fest i Guds hus



Med:

- Barnekoret Kor Bra
- Jærklang
- Orgel og blåsarar
- Songsolistar og dansarar frå Kulturskulen

Arr: Bryne Misjonsmenighet og
BryneKyrkja



Bryne kyrkje
søndag 14. desember kl 11.00

NB!
Adventsmessa er felles for alle
kyrkjelydane i Time

Velkommen til julespelet



Tid: Sondag 30. november kl 16 og 18
Stad: Aulaen på Lye skule

Vaksne kr 100. Barn kr 50 Familie kr 200




Medverkande:

- Barn, unge og vaksne frå Lye
- Lye Barnegospel og Agape
- Teknikarar frå Lye Forsamlingshus

Manus og regi: Sigurd Idland
Nye songar: Ragnhild Hanssen

Mellom førestillingane:
Tenning av julegrana i Lyeparken.
Korpset speler.
Sal av grøt.



Julekonsert

"Himmel på jord"

med
Blandakoret Vivace

Bryne kyrkje
Fredag 19. desember
kl 19.30

Blandakoret
VIVACE
Bryne

Bryne kyrkje våren 2015:

Kveldsgudstenesteseie

TRUVERDIGE TRUANDE?!

- Ærleg blikk på kyrkja i tida -

Alle kveldsgudstenester startar kl.19,
har ekstra musikk og nattverd med bønnestasjonar

VELKOMMEN!



18. januar:

Kva når folk søker anna enn Jesus?

Egil S. Eide og Kjell Børge Tjemsland med blikk på Thailand
Info om prostituttør til «Smilenes land».

8. februar:

Kva når det heilage og sakrale blir borte?

Kjell Arild Pollestad
Klassisk musikk

15. mars:

Eitt i Kristus eller på kvar si tue?


Fellesgudsteneste. Misjonskyrkja i fokus
Pastor Thorleif Bruseland
Band frå Misjonskyrkja

19. april:

Er Brynekyrkja truverdig?

Heidi Strand Harboe og Leif Harboe
Torhild Nødland
Randi Engelsvold med band



 Torland Autoglass AS Storgata 41, 4340 Bryne Tlf. 47 93 55 16	 Tlf 40 04 21 22 Arne Garborgsv 36 www.pro-net.no • Datahjelp hjem på døren • • Databutikk og PC verksted •	 Skal du selge bolig? Aktive meglere lønner seg! Kontakt Aktiv Eiendomsmegling Jæren på 51 77 80 00 / bryne@aktiv.no Vi megler frem dine verdier www.aktiv.no
 PIZZABAKEREN™ Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00	 FAGBUTIKKEN MED SERVICE MALING BELEGG TEPPER TAPETER GRUPPETEPPER LØPERE SOLSKJERMING Apert: 9-18 (14) FARGERIKE ROSLAND KÅSEN • BRYNE • TLF. 51 42 60 15	 TIME SPAREBANK - for Jæren
 Bryne Rør A/S Vesthagen 9, Håland, 4344 Bryne	 EL-TEAM Elektroentreprenør Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net	 Johansen Elektriske as Postboks 510 - 4349 Bryne Tlf: 51 48 01 01
 Jærsol as Tlf. 473 59 935 - per.hareland@lyse.net PERSIENNER LAMELLGARDINER RULLEGARDINER PLISSEGARDINER SCREENDUK MARKISER GRATIS MÅLTAKING Kirsch TUNDRA www.jaersol.no	 Jær Tannlegene Heidi Bø Honningsvåg Jaertannlegene.no 5148 4800	 Bryne Elektriske
 Rogalandshus	 MØBELRINGEN I. Bjørnsen A/S Jærv. 250, 4340 Bryne - 51 78 50 20	 Sjekk Punkt BILVERKSTED www.sjekkpunkt.no 4000 6447 LYE BIL AS
 JENS GERLACH SØRENSEN A-S BYGG MESTER	 HERSDAL AS BYGGMESTER Alt i nybygg, påbygg og rehabilitering Mobil 908 55 625	 eikhi eikhi.no
 BØRGE UNDHEIM A/S KYLLINGOPPDRETT Litlaundheimsvegen 135 4342 Undheim Tlf 51 48 89 00 Opp til 18 veker gamle kyllingar kan leverast heile året	 Kverneland Bil Vi tar ansvar! Eskervegen 7, 4341 Bryne • Tlf. 51 77 82 82 Reevegen 11, 4340 Bryne • Tlf. 51 77 16 10	 VARMEPUMPER FRA 13.900,- • MASSASJEBAD • SENTRALSTØVSUGER • KJØLEROM • AVFUKTER/LUFTRENSER Jærveien 67 - Nærbø - Mosterøy - 09543 REIME & HAUGVALDSTAD Våre kunder skal ha det godt



Torsdags-Treff i Bryne kyrkje

20. november kl 14.30

Jens Olav Mæland:

«Spor av Hans Nielsen Hauge på Jæren»

Sangstund og matøkt. Andakt.

22. januar kl 14.30

Tidl. ambassadør Øivind Nordsletten:

«Femti år i teneste for Noreg

i austerveg - og andre stader»

Sangstund og matøkt. Andakt.

I tillegg desse datoane:

19. februar kl 14.30

19. mars kl 14.30

Målgruppe: Pluss/minus 60

Tid og stad:

Klokka 14.30-16.30

Samlingane blir i kjellarstova i kyrkja.

Kva me vil:

At alle pluss/minus 60 skal kjenna seg velkomne og trivast!

Korleis me skal ha det:

"Kultur"-innslag (eit tema)

Ei lita songstund med songar som gir gjenkjenning.

Matøkt – og drøs. Andakt

ÅRETS JULEGAVE!

Kjøp unik glasskunst med julemotiv laget for Det Norske Misjonsselskap av kunstneren Astri Vadla Ravnås!

Serien har fem motiv:

Krybben (2011), englene (2012), hyrdene (2013), de vise menn (2014 - ÅRETS MOTIV) og et misjonsmotiv (2015). Alle er 10 cm i diameter.



Kr 1000 pr motiv gir kr 750 direkte til NMS sitt verdensvide arbeid.

PRIS: Hvert motiv koster kr 1000,-
 TILBUD: Kjøp de fire første motivene samlet for kr 3500,-
 BESTILLES hos NMS:
 info@nms.no eller 51 51 61 00
nms.no/julegave

Økonomiplanen for Time kommune 2015-2018



21. oktober presenterte rådmannen i Time sitt forslag til økonomiplan for dei komande 4 åra.

I dette dokumentet på over 70 sider, står det og noko om dei ressursane som er foreslått til kyrkjelege formål. Driftsbudsjettet er foreslått auka med 6%, og ein kan lesa at auka tilskot er tenkt å brukast til styrking av administrasjonen av sokna.

Når det gjeld investeringar dei neste 4 åra er det sett av 58 millionar kr fram til og med 2018 til kjøp av grunn og opparbeiding av gravplass ved Time kyrkje. Det er vidare sett av 1 million kr til Brynekyrkja, og glaskunstprosjektet på Bryne er ført opp med 750000 kr for neste år.

Dette er rådmannen sitt forslag. Politkarane skal vedta økonomiplanen på møtet sitt den 9. desember.

BESTILL HUSKATALOGEN



BoligPartner
 Tlf: 51 77 19 60
 bryne@boligpartner.no
www.boligpartner.no

haver_

Haver Advokatfirma Ans

telefon 51 77 00 50

 Koinonia BØKER, GAVER, LEKER OG INNRAMMING Brynesenteret – Storgata 40 - 51486520	 JÆRPRINT TRYKKERI & DESIGN	 Bogh Hafoe a/s TOYOTA Fossveien 3, 4370 Egersund tlf. 51 46 17 00
 TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig	KLAR FOR OPPDRAG AV ALLE SLAG ROY FRODE MONGE 90 11 66 41 rfm@rogens.no ODD KÅRE RØGENES 90 94 01 80 okr@rogens.no BYGGMESTER RØGENES & Co A/S FAGKUNNSKAP GIR TRYGGHET	VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS ek Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne TLF. 51 48 02 11. DØGNSERVICE 971 78 180
 SpareBank 1 SR-BANK	FreteX Butikksalg Meierigata 17, 4340 Bryne Tlf. 51 48 56 50 www.fretex.no . Opningstider: man/fre kl 10.00 - 18.00 lørdag kl 10.00 - 15.00	 WACO Forsikringsmegling as
 EiendomsMegler 1 JÆRMEGLEREN	 BERGENE MASKIN Grødelandvegen 28 - Tlf: 917 30 249 Graving – Transport – Singel – Grus – Solla jord	 JÆREN HOTELL
REMA 1000 Håland 8-22 (9-20) Hognestadvegen 90 51 48 79 02	Korleis har du det... EIGENTLEG? Krisetelefon 815 33 300 SOS-Melding: www.kirkens-sos.no SOS-Chat: www.soschat.no Kirkens SOS EIT MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST	 Den Norske Israelsmisjon Misjonsblad for Israel 6 nr i året - 240 kr Sjekk ut nettsiden vår! www.israelmisjonen.no
 La oss ta hele badet Ring 51 77 91 91, og be oss ta hånd om alt fra tegning til ferdig, nytt badetrom. Les mer på www.byggelaget.no Byggelaget		
 JÆREN MISJONS RADIO Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22 Sender på FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9 www.jmradio.no Nærradioen med godt nytt Sendetider Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00 Tirsdag: 08.30 - 09.00 Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00 19.30 - 21.00 Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45 Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45 Jesus Kristus er i går og i dag den samme, ja til evig tid. Hebr. 13,8.		 BLIFADDER! www.blifadder.no ☎ 22 94 26 00 misjonsalliansen



Julemesse

Bryne kyrkje

laurdag 29. november 2014
Salsmesse kl 11.00

Andakt ved Tove Hersdal
Sang av Jungelkoret
Kulturskuleelevar deltek
Film, hoppeslott og aktiviteter for barn
Sal av handarbeid, dekorasjonar, småkaker, mat m. m.
Kafé og åretrekning

Fest for heile familien kl 18.00

Tale av Anne Lise Matre
Sang av Jærklang
Kulturskuleelevar deltek
Film, hoppeslott og aktivitetar for barn
Åretrekning og hovudtrekning
Kaffi, smørbrød og kaker
Inntektene går til barne- og ungdomsarbeidet i Kyrkja og kyrkjelyden sitt misjons-prosjekt i Den Norske Israelsmisjon
Bryne sokneråd



Julemesse

Saron

5. desember kl 19.00
6. desember kl 11.00

Taler: Gunnar Ferstad

Fredag 5. des kl 19.00:
Sang- og musikk møte
ImF-Brass Bryne m. fl.
Åretrekning, varesalg
Salg av Pizza, lapper med mer.

Lørdag 6. des kl 11.00 Møte
11.30-13.30 Åretrekninger, matsalg, varesalg m. m. I år blir det også et bruksalg og salg av pent brukte fest og selskapsklær for damer.
Egne aktiviteter for barna
Kl 13.30 Familiemøte
Klepp Soul Children
Hovedtrekning

Alle er velkomne!
ImF-Rogaland



Julemesse

Undheim kyrkje

laurdag 6. desember 2014
kl 11.00

11.00: Opning. Andakt av Anne Sofie Haarr. Song av Shalom. Musikk av Sakso-fongruppa

13.30: Familiemøte med åresal og hovudtrekning.
Andakt av diakon Ingelin H. Nordbakken.
Song av Lye barnegospel.

Sal av handarbeid, småkaker, grav- og dørpynt m.m.
I kyrkjekjellaren sel me risgraut, kaker og kaffi.
Åresal: Juledekorasjonar, kaker og fruktkorger.

Vel møtt til julemesse!
NMS- foreningane i Time



Julemesse

Fotland bedehus

28. - 29. november 2014

Fredag 28. kl 19.00: Tale Hans Kristoffer Goa. Sang av Ganddal Sangkamerater. Varesalg og kafé. Lynutlodning av kranssekaker. Kveldstreking

Lørdag 29. kl 11.00: Tale Hans Kristoffer Goa. Varesalg og kafé. Åresalg.

Lørdag kl 13.30: Familiemøte. Tale Aud Norunn Myklebust. Sang av Supermix. Åresalg og hovedtrekning. Barnebasar.

Bankterminal

NLM



Basar

Lye forsamlingshus

laurdag 22. november
15.00-17.00

Velkommen!

Inntekt til drift av forsamlingshuset



Egil S. Eide er turleiar

Jæren prosti

- tur til Thailand i månedskiftet januar/februar 2016

Meir info om turen, presentasjonsamlingar og påmelding, sjå www.time-kyrkja.no

Gjevarteneste


Barne- og ungdomsarbeid i Bryne, kto.nr. 3325.25.07057
Trusopplæringa i Time kto.nr. 3325.39.13407
Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste ungdomsarbeidar, Undheim kto.nr. 3325.21.55657
Undheim kyrkje - gåver kto.nr. 3325 25 08959
Frøyland-Orstad kyrkjelyd, kto.nr. 3290.60.44179
Kyrkjebygg Frøyland-Orstad kto.nr. 3325.25.09270
Ungdomsarbeidar på Lye kto.nr. 3325.25.04260
"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time kto.nr. 3325.21.30859
Stikk innom vår heimeside http://www.time-kyrkja.no

Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Gunnar Frøyland (Time)
tlf. 51 77 03 75 / 958 73 847
Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)
tlf. 51 77 03 71 / 911 57 105
Ungdomspastor Johannes Kleppe (Bryne)
tlf. 951 42 602
Diakon Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039
Diakon Ingelin H Norbakken tlf. 48 19 03 18

Håpet kom!



Erling J. Pettersen

Ordene har sittet i meg siden, i et år da terror og grusom voldsutøvelse fra Syria, Irak og Ukraina har preget nyhetsbildet. Og jeg er ikke alene om å være berørt av de mange barneansiktene på flukt fra terroren. Det er ganger da håpløsheten over krigens ondskap vil ta overhånd. Da må jeg ta frem ordene fra den armenske kristne fredsaktivisten: *Husk at Jesus Kristus kom med håpet til vår jord.* Og jeg ser dybden i Bjørn Eidsvågs vakre julesalme i vår nye salmebok:

*I en natt så klar og kald,
av en ung og taper mor,
i en krybbe i en stall
fødtet håpet til vår jord.*

Gud bringer håpet til oss i et sårbart, ubeskyttet menneskebarn, utlevert til Marias og Josefs omsorg og kjærlighet. Han kom ikke med militær makt, men i det mest sårbare av alt: det nyfødte barnet. Derfor gjør jeg ordene til Bjørn Eidsvåg til min hilsen i denne adventstiden, der vi skal få lov til å tro på det trassige håpet:

*I det stille, til de små
bringer Jesus håp og fred.
Og han kommer, da som nå,
fra sin himmel til oss ned.
Julenatt med lys og glede
minner oss om Gud som kom.
Evig er han her til stede.
Nå står grav og krybbe tom!*

Velsignet advents- og juletid!

Erling J. Pettersen
Stavanger biskop

Juleevangeliet

Luk 2,1–20

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei

glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

*«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!»*

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunn-gjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som hørde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.



Det litt muntre hjørne:

Løysing HelgeKryssord-4/14

F	R	E	L	S	E	S	Λ
R	Å	N	E	A	R	A	A
Å	S	N	E	S	U	R	R
U	T	A	N	K	R	O	M
N	E	G	G	J	A	N	E
G	R	Ø	N	A	L	G	E
Λ	K	Y	R	K	J	A	N

Vi fylgjer opp med kryssord (løysing neste nummer) og serverer ein "passande" vits:

HelgeKryssord-5/14 av Gabriel Tengsareid

1	2	3	4	5	6	7
8				9		10
11			12	13		14
15		16		17		
18						19
20	21	22		23		24
25						

Vassrett
1. Vise
8. Krigar
9. Bokverk
11. Vera til
13. Preposisjon
14. Røys
15. Fuglen
16. Gamal karakter
17. Ordklasse
18. Trekaret
19. Vokalar
20. Ukokt
22. Bymessig
25. Godhjarta

Loddrett
1. Pynt
2. Urinstoff
3. Død
4. Fuglen
5. Selen
6. Spesielle siffer
7. Diktar
10. Gi lyd
12. Grønsak
13. Ver helsa
21. Fisk
23. Spørja
24. Edelgass

KAA



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

13.09.14: Micah André Moi Larsen, Olav Ciekals Njærheim, Ingrid Torgersen Bjørke

14.09.14: Tobias Erfjord Serigstad, Balder Reve-Øidvin

21.09.14: Liv Malmin-Olsen, Tiril Haugland, Jakob Vinningland

05.10.14: Ask Bransdal, Ragna Nese Skarsaune

19.10.14: Isak Klovning Hansen, Tonje Erga Reiestad, Vår Sandsmark Ree

TIME KYRKJE

21.09.14: Eivind Rosland Mehus, Ingeborg Grude, Nora Orre Undheim

05.10.14: Cassandra Bertelsen

19.10.14: Eirik Lindgård, Linnea Skagestad Hoff, Mathilde Refve Fjermestad

LYE FORSAMLINGSHUS

31.08.14: Adrian Brandtzæg Sollie, Andreas Hauge

UNDHEIM KYRKJE

14.09.14: Trygve Tveiten, Andreas Sikveland

11.10.14: Torje Vestly

26.10.14: Benjamin Vigrestad, Loke Bøe Reinertsen

BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

24.08.14: Madelen Engedal, Klepp krk.

21.09.14: Liva Heggland Bærheim, Øystese krk.

19.10.14: Adam Moland og Odin Moland, Røldal kyrkje



Støttegruppe ved samlivsbrot

Det finst tilbod om å delta i samtalegrupper etter samlivsbrot. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på diakon@time-kyrkja.no eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 74



VIGDE

06.09.14 Ingfrid Håland og Bjørnar Hjelmsæth Hovin

20.09.14 Katrine Aarbakke og Einar Byberg

11.10.14 Guro Edland og Tor-Gunnar Vestly

25.10.14 Kristin Aalgaard og Per Børge Hillestad



DØDE

Kari Fosse, Dagwood Stene, Daniel Stene, Divine Stene, Kåre Helge Bertelsen, Bjarne Haugland, Hildur Arnevik, Marie Snelleman, Ingve Serigstad, Brit Torhild Løge, Agnes Mellemstrand, Ella Fredriksen, Åsta Heien, Idar Buene

Vegen tilbake til Gud

"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!" Joh. 3,16

Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen

Et sted for frihet og forandring



Et samarbeid mellom Bethania-stiftelsen, Diakonova og Normisjon

TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Samtaler kan avtales på tlf.: 467 46 670 eller mail: fermaterogaland@badeog.no
Besøksadresse: Oalsgt. 2, Sandnes
www.fermaterogaland.no



Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102
24 TIMERS VAKTTELEFON

Begravelsesbyrå



Obed Bryne

Begravelsesbyrå

www.obed.no

tlf: 51 77 80 80

24-timers vakttelefon

Skulegata 9, 4340 Bryne



D Ø G N V A K T
51 97 29 00

Våre medarbeidere på Jæren
Runar Apeland, Borgny Å.Skretting og Brikt Goa

Kontor: Bryne og Sandnes og Stavanger

STEINAVDELING

GRAVMONUMENT
PLATER

www.krogedal.no

Søndag 23. november

Lye forsamlingshus kl 10.30
Undheim kyrkje kl 10.30

Rosseland skule kl 11.00
Bryne kyrkje kl 19.00

Søndag 30. november

Time kyrkje kl 11.00
Bryne kyrkje kl 18.00

Søndag 7. desember

Lye forsamlingshus kl 10.30
Undheim kyrkje kl 10.30
Bryne kyrkje kl 11.00
Bryne kyrkje kl 18.00

Laurdag 13. desember

Time kyrkje kl 14.00

Søndag 14. desember

Bryne kyrkje kl 11.00

Søndag 21. desember

Bryne kyrkje kl 11.00
Lye forsamlingshus kl 16.00

Matt. 25,31-46

Gudsteneste, Utdeling av 4 års bok
Familiegudst. Dåp,
Utdeling av 4 års bok og NT til 5. klasse
Gudst. m/ familiefokus, Utdeling av 4 års bok
Kveldsgudsteneste, Tema: Entusiasme

Luk 4,16-22a

Familiegudsteneste. Dåp. Nattverd
Lysmesse v/ speidarane. Nattverd

Luk 21,27-36

Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule
Adventmesse. Nattverd. Søndagsskule kl 11
Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng
Søndagstreff m/ kort gudst. kl 19. Arr. er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming

Dåpsgudsteneste

Luk 3,7-18

Adventsmesse «Fest i Guds hus»
Felles for alle kyrkjelydane i Time

Luk 1,39-45

Gudsteneste Dåp. Nattverd
Vi syng jula inn

Gudstenester jul, nyttårsafta og nyttårsdag står på baksida av bladet

Søndag 4. januar

Lye forsamlingshus kl 10.30
Undheim kyrkje kl 10.30
Bryne kyrkje kl 11.00

Søndag 11. januar

Bryne kyrkje kl 11.00
Time kyrkje kl 11.00
Time kyrkje kl 19.00

Søndag 18. januar

Rosseland kl 11.00
Undheim kyrkje kl 10.30
Lye forsamlingshus kl 10.30
Bryne kyrkje kl 19.00

Søndag 25. januar

Bryne kyrkje kl 11.00
Time kyrkje kl 11.00

Søndag 1. februar

Lye forsamlingshus kl 10.30
Undheim kyrkje kl 10.30
Bryne kyrkje kl 11.00

Søndag 8. februar

Rosseland skule kl 11.00
Time kyrkje kl 11.00
Bryne kyrkje kl 19.00

Søndag 15. februar

Lye forsamlingshus kl 10.30
Undheim kyrkje kl 10.30
Bryne kyrkje kl 11.00

Luk 2,40-52

Gudsteneste. Nattverd
Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule kl 11
Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng

Mark 1,3-11

Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng
Gudsteneste. Dåp
Minnegudsteneste

Joh 4,4-26

Gudsteneste med familiefokus. Nattverd
Gudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Søndagsskule
Kveldsgudsteneste. Tema: Thailand. Nattverd

Joh 9,1-7, 35b-38

Gudst. Misjonsvindu. Nattverd. Jungelgjeng
Gudsteneste. Dåp

Mark 4,26-34

Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule
Gudsteneste. Nattverd
Familiegudsteneste. Dåp

Mark 9,2-13

Gudsteneste med familiefokus. Nattverd
Gudsteneste. Nattverd
Kveldsgudsteneste

Joh 12,20-33

Gudsteneste. Søndagsskule
Gudsteneste. Dåp
Gudsteneste Nattverd



Velkommen til
gudsteneste

Skyss til
gudstenesta

BRYNE KYRKJE:
Sverre M. Lima 51 48 21 33


Jonas Frøyland 41 30 04 68

Gabriel Tengsareid 51 48 28 98

Ring før kl 10.00



Til kyrkje - jul og nyttår



Jula er den store kyrkjehøgtida her i landet
I Time er det råd å koma til kyrkje mange gonger i julehelga

Julafta

Bryne kyrkje	kl 14.15
	kl 15.45
	kl 17.00
Time kyrkje	kl 14.30

	kl 15.45
	kl 17.00
Undheim kyrkje	kl 14.30

Bryneheimen	kl 10.00
Sivdamsenteret	kl 11.00

Luk 2, 1–20

Familiegudsteneste. Jungelkoret
Familiegudsteneste. Rosseland skulekorps
Gudsteneste. Solist
Familiegudsteneste. Lye skulekorps. Solosong: Kaia Fosse og Randi Grødem
Familiegudsteneste. Solosong: Judith og Ingeborg Aarsland
Gudsteneste. Solosong: Ane Søyland, Signe Iren Time
Familiegudsteneste. Undheim og Eikeland skulekorps.
Song av Jorunn Åshild Austrumdal Undheim
Gudsteneste
Gudsteneste. Kulturskuleelevar deltek

1. juledag

Bryne kyrkje	kl 12.00
Time kyrkje	kl 11.00

Matt 1,18–25

Høgtidsgudsteneste. Nattverd
Høgtidsgudsteneste. Dåp. Trompet: Glenn Rugland .
Solosong: Elise Vinsevik

2. juledag – Stefanusdagen

Undheim kyrkje	kl 10.30
----------------	----------

Joh 1, 1–14

Høgtidsgudsteneste. Nattverd

Alle gudstenestene i jula er fylte av song og musikk. Me høyrer og syng dei kjende og kjære songane og får møta nyare songar med eit anna språk i tekst og tone.

Julafta er gudstenestene i Bryne og Time noko ulike. Dei to første er tradisjonelle julafta-gudstenester med barna i fokus. Den siste gudstenesta er meir til stille ettertanke. Her er mykje song og musikk og preika er meditativ. Dette er gudstenesta for dei som ynskjer å gå eit steg ut av travelheita.

Parkering. Ved Bryne kyrkje vert det fort kaos. Fint om me kan praktisera einvegskøyring.

Køyr inn ved Solberg elektriske og ut om Shellstasjonen. Ikkje blokker vegen.

Lytt til parkeringshjelparane.

Søndag 28. desember

Time kyrkje	kl 11.00
-------------	----------

Luk 2, 36–38

Gudsteneste. Dåp

Nyttårsafta

Bryne kyrkje	kl 23.15
Undheim kyrkje	kl 22.45

Joh 14, 27

Midnattsmesse
Midnattsmesse

Nyttårsdag

Time kyrkje	kl 11.00
-------------	----------

Matt 1, 20b–21

Høgtidsgudsteneste

God jul og godt nytt år i heim og kyrkje!